



Fem løps revolverkanon, franskprodusert Hotckiss.

Avtalen Kvinnherad kommune har med Marinemuseet i Horten om lån av revolverkanona på Sanden er forlengd til 03.01.2022. Det er Forsvarets Museer som eig og har råderetten over denne type kulturminne i Forsvaret. Kontaktorgan og tilsyn på plassen er lagt til Uskedal Utvikling.



[Teksten fortel at kanona vart brukt i kampene i Kvinnherad april 1940.](#)

Revolverkanona frå seint 1800 tal er franskprodusert. Typen er fem løps Hotckiss, 37 mm. Bakdelen med sluttstykke vart sprengd og er borte i dag. Ei noko større kanon av same sorten står på Skarde i Odda kommune. Kanonene var tekne ut av bruk, men henta fram ved mobiliseringa i 1940. Nokre av dei vart monterte på lastebilar og brukte i kampene i Kvinnherad april 1940.

Kanona låg nedgraven i mange år etter 1945, men kring 1985 kom den fram som eit klenodie av eit krigsminne. Arne Myklebust stod fram saman med kommandørkaptein Stein Moen frå Marinemuseet i Horten. Det vart laga eit fundament ytterst på Sandakaaien der kanona stod fram til ho vart flytta inn på plenen ved front mot Storsund og Eikelandet. Uskedal utvikling med Tor H. Myklebust som kunstnarleg leiars stod for dette arbeidet.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal